



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Tom Dybwad
Telefon: 57643123
E-post: fmsftd@fylkesmannen.no

Vår dato
18.04.2016
Dykkar dato
23.02.2016

Vår referanse
2011/2014- 562
Dykkar referanse

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Pb 5091
0301 OSLO

Fråsegn til søknad om bygging av 132 kV kraftleidning frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk til Frøyset transformatorstasjon i kommunane Gulen og Masfjorden

Fylkesmannen vurderer at alle alternativa for kraftlinja er i konflikt med landskap, friluftsliv og opplevingsverdi, og vil føre til bortfall og oppsplitting av inngrepsfrie naturområde. Konsekvensutgreiinga gir, slik vi ser det, ikkje godt nok grunnlag for å vurdere og ta stilling til dei ulike alternativa. Vi tilrår at NVE ser nærmare på den samla belastninga for landskapsinteressene. Vidare ber vi om at det vert utarbeidd eit nytt alternativ med utgangspunkt i alternativ 2a i konsesjonssøknaden og eksisterande kraftlinjer kring Nordgulen. Vi legg til grunn at det vert gjennomført synfaring før vedtak.

Bakgrunn

Søknaden om bygging av ny 132 kV kraftlinje frå eit eventuelt Dalsbotnfjellet vindkraftverk i Gulen kommune til Frøyset i Masfjorden var på høyring i 2015. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gav då ikkje uttale. Høyringa viste at det var stor lokal motstand mot å føre linja frå Kjelbu gjennom Myrdalen. På bakgrunn av dette har søker utarbeidd ein tilleggssøknad som viser alternative trasear i dette området. Alternativ 2 og 3 går begge på vestsida av Myrdalen, men alternativ 2 kryssar dalføret i inste del over til Grindebotnen like sør for fylkesgrensa, og følgjer opphaveleg traseforslag (alternativ 1) vidare nordover. Alternativ 3 går på eit fjellplatå (300 – 600 moh) frå Tangedalen fram til linja kryssar dalføret ved Kjelbu vest for alternativ 1, for så gå saman med dette. I tillegg er det for alle alternativa lagt til grunn ei omlegging ved Stølsvatnet nord for Austgulfjorden, der linja over ei strekning på 1,6 km no er planlagd lenger vest for å unngå konflikt med stølsområde.

Konsesjonssøknaden omfattar alle alternativ, men søker held alternativ 3 som det primære. Planen er å nytte H-master i tre med hengjande isolatorar.

Fylkesmannen er kjend med at Gulen kommune har gått mot bygging av Dalsbotnfjellet vindkraftpark, og kommunen har klaga på NVE sitt vedtak om å gi konsesjon. Vi er og kjende med at det er sterkt motstand i Gulen kommune mot alternativ 1 for 132 kV-linja frå vindkraftparken til Frøyset.

I samband med søknaden om å bygge Dalsbotnfjellet vindkraftpark (og Brosviksåta vindkraftpark) var det ein annan linjetrasé som var hovudalternativ dersom berre Dalsbotnfjellet vindkraftpark skulle få konsesjon. Denne linja gjekk over Nesfjellet,

Leversundet (Livresundet) og Sponkletten før linja møtte eksisterande 22 kV kraftlinje ved Slettefjellet for så å følge denne fram til Frøyset. I konsekvensutgreiinga for landskap står det dette om alternative trasear (dvs. om alternativ 1 og om det vestlige alternativet, vår merknad) «*Også de alternative traseene vil stedvis ha en linjeføring som er dårlig tilpasset topografi og linjene i landskapet. Det vestligste alternativet ned dalsiden fra Søre Nesfjellet vil ha en eksponert beliggenhet i forhold til Fv. 57 og Leversundet bru. Ikke langt fra bru møtes tre kraftledninger som går henholdsvis vestover, nordover og østover. Fjordkryssingen parallelt med bruha og nær eksisterende kraftledninger vil øke inntrykket av store tekniske installasjoner. Det vil også medføre nærføring i forhold til gammel husmannsplass på Klubben. Området ytterst i Austgulfjorden og Leversundet har vesentlige estetiske kvaliteter, og kraftledningene vil bryte med kraftig med dette.*

Konsekvensvurdering

Delområdet er vurdert til å ha middels verdi.

Tiltaket vil ha middels negativ påvirkning på landskapskarakteren i delområdet.

Tiltaket er vurdert til å ha middels store negative konsekvenser for delområdet.»

Konsekvensutgreiinga

Meldinga som låg til grunn for konsekvensutgreiinga knytt til Dalsbotnfjellet vindkraftverk, viste kart med aktuell trase for mogleg overføringsnett til Frøyset i Masfjorden. NVE har ikke stilt krav om ny melding knytt til planlegging av nye alternativ for kraftlinja, og konsekvensutgreiinga som ligg til grunn for søknaden, er basert på KU-program for vindkraftverket, fastsett av NVE 12. oktober 2011.

I vedteke KU-program er det stilt krav om bruk av metode som er aktuelt no:

- Landskap: Ved hjelp av fotorealistiske visualiseringer skal tiltakets visuelle virkninger synliggjøres fra nær avstand (opp til ca. 2-3 km) og midlere avstand (fra ca. 3-10 km).
- Friluftsliv og ferdsel: Direktoratet for naturforvaltnings håndbøker nr. 18 "Friluftsliv i konsekvensutredninger etter plan - og bygningsloven" (2001) og nr. 25 "Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder" (2004) kan benyttes i utredningen. Viktige områder skal vises på kart.
- Inngrepsfrie naturområder og verneområder: Tiltakets virkning for inngrepsfrie naturområder skal beskrives kort. Reduksjon av inngrepsfrie naturområder skal tall- og kartfestes.

Vurdering

Store samanhengande naturområde, landskap og friluftsliv

Alle dei nye alternativa for kraftlinja vil gå gjennom fjellområda nord for Austgulfjorden og fjellområdet mellom Austgulfjorden og Sleire. Områda har i dag ikke større tekniske inngrep.

Nord for Austgulfjorden følgjer den planlagde linja den sørlege armen på INON-område sone 2, og dette INON-området vert såleis borte. Viss det skal byggjast ei kraftlinje i området (sjá merknad under om utgreiing av eit nytt alternativ), har vi ingen merknader til omlegginga kring (til vest for) Stølsvatnet i høve til linjeføringa som låg i alternativ 2b i konsesjonssøknaden for vindkraftverket.

Sør for Austgulfjorden vil den samla storleiken på inngrepsfritt naturområde (INON-område sone 2) verte redusert mykje. Dette er omtala i konsekvensutgreiinga, men det er ikkje lagt fram tal for redusert INON-område eller utarbeidd kart som viser konsekvensane, jf. krav i KU-programmet. Det inngrepsfrie området sør for Austgulfjorden vert delt i to. Truleg vil alternativ 2 og 3 føre til at det meste av vestre del (vest for Myrdalen) av INON-området vil

forsvinne heilt. Generelt bidrar bygging av energianlegg i vesentleg grad til å redusere omfanget og kvaliteten på større samanhengande naturområde i landet. Det er få område med inngrepsfri natur - også sone 2 -på kysten. Dette gjer at det er viktig å vurdere den samla belastninga på naturområde og landskap.

Søknaden inneholder ingen fotorealistiske visualiseringar som viser inngrepa og verknaden av kraftlinja. Det er såleis manglende grunnlag for å vurdere dei landskapsmessige verknadene av tiltaket, sjølv om landskapet er skildra i ulike delområde i konsekvensutgreiinga. For alle alternativa er konsekvensane for landskapet sett til middels negativ. Alternativ 1 ligg lågare i terrenget, og har i følgje rapporten liten/middels negativ konsekvens for landskapet. Etter vår vurdering er det likevel ikkje tvil om at kraftlinja etter alternativ 3 vil vise meir att i landskapet, ikkje minst som silhuett, når linja går på eit høgdedrag meir eller mindre ut mot dalane. Landskapsmessig vurderer vi såleis at alternativ 3 vil ha størst negativ konsekvens.

Myrdalen og fjellområda kring dalføret har stor lokal verdi for friluftsliv. Høyringsuttaler i saka viser at lokalmiljøet går sterkt imot bygging av kraftlinje gjennom sjølve Myrdalen. Dei nye alternativa 2 og 3 går utanom dalføret og søker vurderer difor desse som mindre konfliktfylte enn alternativ 1. Ut frå Myrdalen sin verdi for lokalt friluftsliv vert difor alternativ 1 og 2 vurdert til å ha liten negativ konsekvens, medan alternativ 3 får liten/middels negativ konsekvens. Vi vil halde fram at det ikkje er utført ny kartlegging og verdsetting av friluftsområde i tråd med Miljødirektoratet si handbok om kartlegging og verdsetting av friluftsområde. Søknaden inneholder difor ikkje ny og oppdatert informasjon om turområda som vert berørte av tiltaket, og grunnlaget for verdisettinga er såleis etter vår mening svak.

På turkart Masfjorden (1: 50 000) er turen frå Tangedal til Storenova (559 moh, også grensepunkt/varde mellom Hordaland og Sogn og Fjordane) oppført som rute nr. 18, og Storenova er skildra som eit attraktivt turmål med nydeleg utsikt. På Ut.no er ei fotturrute frå Steine til Kringla skildra. Denne passerer Tangedal og går oppom Storenova (559 moh) og følgjer fjellryggen nordover til den kryssar Myrdalen ved Halsana opp mot Øksefjellet (647 moh). Kraftlinja er i direkte konflikt med denne ruta. Vi reknar med at Storenova som det høgste fjellet i området er eit attraktivt turmål og utsiktpunkt. Dersom alternativ 2 eller 3 vert vald, bør kraftlinja leggjast lenger ned (og lenger vest) der ho passerer Storenova (er no lagt berre nokre meter vest for Storenova), slik at linja ikkje kjem i silhuett mot horisonten sett frå toppvarden.

Vi viser til at alle alternativa vil vere i konflikt med friluftsliv, opplevingsverdi og landskap. Konsekvensutgreiinga er etter vår vurdering mangelfull. Vi legg til grunn at NVE vil gjennomføre synfaring før det vert teke stilling til konsesjonssøknaden.

Generelt vurderer vi at det til vanleg vil vere mindre konfliktfylt å følgje ein eksisterande kraftlinjetrasé enn å gå gjennom urørd natur. Trafoen på Dalsbotnfjellet er no flytta lenger nord i høve til konsesjonssøknaden for vindkraftparken. Konflikten med landskap og urørde naturområde vil etter vårt syn bli mindre dersom kraftlinja vart ført sørvestover til sør eller nord for Nordgulen for derifrå å følgje eksisterande kraftlinjer fram til Frøyset (sjå også omtale under naturmangfold).

Naturmangfold

Verdien av naturmangfaldet vert sett til middels til stor for området (gjeld alle alternativ). Omfanget er sett heilt likt for alle alternativ (tabell 6.8), og med det konsekvensane heilt likt, lite – middels negativt. Det er vanskeleg å ta stilling til alternativa sin påverknad på naturmangfaldet ut frå dette.

Bygging av kraftlinja vil føre til fare for kollisjon med fugl. Vi kan ikkje sjå at kunnskap som Norsk ornitologisk foreining Hordaland og Sogn og Fjordane har kome med i si fråsegn av 30.06.2015 er teke med i konsekvensutgreiinga frå februar 2016. I følgje konsekvensutgreiinga vil langsiktige verknader for lokale hekkefuglar vere små. Det går fram at territoriale artar som havørn og kongeørn i periodar vil måtte krysse leidninga opptil fleire gongar dagleg, og spesielt fjordspennet over Austgulfjorden utgjer ein viss risiko for kollisjon. Vidare er erfaringane at ein 132 kV leidning av slik lengde vil føre til eit visst årleg tap av fuglar gjennom kollisjon. Det er positivt at det vert planlagt å nytte hengjande isolatorar i H-master i tre. Vi ber NVE vurdere om det kan vere aktuelt å sette vilkår om å fjerne jordlinje i luft som avbøtande tiltak ved ein eventuell konsesjon.

Trafoen på Dalsbotnfjellet er no flytta lenger nord i høve til konsesjonssøknaden for vindkraftparken, truleg fordi 11 vindturbinar i sør (Nesfjellet og Fossfjellet) er tekne ut av konsesjonen, m.a. pga konflikt med fuglelivet. Ved at kraftlinja (alle alternativ) delvis går gjennom det same området, fell ein del av gevinsten for fuglelivet av å ta ut dei 11 vindturbinane bort. Det vestlege alternativet i den opphavlege konsesjonssøknaden kryssa rett søraust for Leversundet, noko som var konfliktfylt. Det går i dag ei kraftlinje frå Nordgulen som kryssar nordvest for Leversundet, og denne fordeler seg m.a. i retning Slettefjellet og derifrå vidare til Frøyset. Etter vårt syn bør søkjaren utgreie eit alternativ med utgangspunkt i alternativ 2a i konsesjonssøknaden (for vindkraftverket) frå Frøyset/Tangedal og nordover og vidare nordvest for Leversundet (Holtane) mot Nordgulen, men med ein ny trasé nord (austover) forbi (sør eller nord for) Nordgulen og til ny trafo på Dalsbotnfjellet.

Landbruk

Alternativ 1 er i søknaden vurdert til å gi marginalt større konsekvensar for jordbruk og skogbruk enn alternativ 3; samleverdien er for alle alternativ sett til middels negativ. Vi har ingen merknader til desse vurderingane.

Samandrag

Alle alternativa er i konflikt med landskap, friluftsliv og opplevingsverdi. Konsekvensutgreiinga gir, slik vi ser det, ikkje godt nok grunnlag for å vurdere dei omsøkte alternativa mot kvarandre.

Kraftlinja vil (saman med bygging av vindkraftverket) føre til bortfall av eit inngrepsfritt naturområde nord for Austgulfjorden, i eit område med konfliktar med fuglelivet. Sør for Austgulfjorden vil kraftlinja føre til at eit inngrepsfritt naturområde vert delt i to. Vi ber om at NVE vurderer samla belastning på landskapet før det vert gjort vedtak om konsesjon til bygging av ny kraftline frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk til Frøyset transformatorstasjon. Det bør setjast vilkår for å redusere faren for kollisjon med fugl.

Vi ber om at det vert utarbeidd eit nytt alternativ med utgangspunkt i alternativ 2a i konsesjonssøknaden og eksisterande kraftlinjer kring Nordgulen. Vi legg til grunn at det vert gjennomført synfaring før vedtak.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Tom Dybwad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Kopi pr. e-post:

Gulen kommune

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkesmannen i Hordaland

Norsk ornitologisk foreining Hordaland og Sogn og Fjordane